



Tilleggsinnkalling
av
Heradsstyret

Møtedato: 10.05.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl.16:00 - 22:00

Rådmann informerer om finansielle måltal kontrollutvalet ref sak 021/23

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Hilde Revheim Sture per tlf. 56192103, sms til eller per epost til hilde.revheim@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
039/23	Finansielle måltal 2024

9. mai 2023

Lars Fjeldstad
Ordfører

Hilde Revheim Sture
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
039/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Johannessen	23/1169

Finansielle måltal 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune vedtek desse finansielle måltala for kommunen sin økonomi :

1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør over tid vere minimum
1,75 %.
2. Disposisjonsfondet bør over tid ligge på om lag 6 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto langsiktig gjeld eksklusiv formidlingslån bør over tid ikkje overstige 90% av brutto driftsinntekter.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Osterøy kommune vedtok i februar 2020 eit finansielt måltal på netto driftsresultat.

«Netto driftsresultat skal over tid utgjere 1 % av netto driftsinntekt.»

Bakgrunnen for vedtaket var eit krav i kommunelova § 14-2 at kommunene skal vedta finansielle måltal. Denne regelen trådde i kraft frå og med budsjettåret 2020. Kor mange og innhaldet i måltala er opp til kommunene sjølv å vurdere.

Det er vanleg med måltal på driftsresultat , storleiken på disposisjonsfondet og gjeldsgrad.

Bakgrunn

Teknisk Beregningsutval (TBU) si tilråding på driftsresultat er: Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %

Måltal på disposisjonsfondet og gjeldsgraden kan vere nyttig som verkemiddel for å sikre økonomisk stabilitet over tid.

Det kan vere vanskeleg tallfeste kva som er rett nivå på gjeldsgrad, men talet bør spegle evna til å betale renter og avdrag. Det mest vanlege måltalet er gjeld eksklusiv formidlingslån i

høve til brutto driftsinntekter. Pr. 31.12.2022 var gjeldsgraden ca. 79%. Det er inkludert gjeld til sjølkostområdet på ca. 149,9 millioner.

Finansielt måltall knytt til disposisjonsfond er viktig for å kunne handtere svingingar i inntekter og utgifter. Eit stort nok disposisjonsfond gjer at ein kan få meir stabil drift ved at en slipper å ta store kutt i driftsutgiftene i år med uforutsette høge utgifter. Disposisjonsfondet pr. 31.12.2022 var ca. 5,3 % av brutto driftsinntekter. Brutto driftsinntekter har vore høge dei siste åra blant anna pga Koronakompensasjon.

Vurdering

Når det fastsettes finansielle måltall må en tenkje langsiktig. Omgrepet «over tid» visar at måtala er langsiktig og at ein kan avvike frå måltallet i periodar med økonomisk uvisse. Samtidig bør måtala vere retningsgivande for budsjett og økonomiplanarbeidet.